

Fylkesstyremøte Vestland – 2022

Tysdag 30.08. kl. 12.00

Sakskart for digitalt møte



Sara Rose

Nominert: 2022
Kategori: Musikk
Sted: Fjaler
Fylke: Vestland



Josephine Larsen

Nominert: 2022
Kategori: Teater
Sted: Bergen
Fylke: Vestland



Eline Storheim

Nominert: 2022
Kategori: Musikk
Sted: Alver
Fylke: Vestland



Sigurd Steinkopf

Nominert: 2022
Kategori: Musikk
Sted: Vaksdal
Fylke: Vestland



Håkon Mjelstad

Nominert: 2022
Kategori: Musikk
Sted: Samnanger
Fylke: Vestland



Sunniva Herland Monstad

Nominert: 2022
Kategori: Musikk
Sted: Bergen
Fylke: Vestland

Drømmestipendvinnarar 2022 i Vestland

Sakskart til fylkestyret sitt styremøte 30.08.22:

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2022.02 Referatsaker	5
Økonomirapport 2. kvartal	5
Rådgjever sin rapport	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte	7
2022.03 Styrearbeid	8
2022.04 Politisk arbeid	9
2022.05 Utviklingsområda	10
2022.06 Orienteringar	11
2022.07 Eventuelt	12

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling på side 4

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakskart godkjennast.

Saksutgreiing:

Innkallinga og sakskartet er utsendt i samsvar med vedtektene og møteplanen.

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

Fylkesstyret:

leiar

nestleiar

styremedlem

styremedlem

varamedlem 1

varamedlem 2

Rune Bakervik

Grete Berntzen

Trude Skarvatun

Øystein Røsseland Kvinge

Kåre Martin Kleppe

Kirill Zimin

Ingeborg Opdal Tysnes

Administrasjonen:

rådgjevar Kristin Geiring

Innkalling til digitalt fylkesstyremøte i Vestland, nr. 3 – 2022 den 30.8.22 kl. 12:00-16:00.

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 3 – 2022	30.8 / 12:00-16:00	Teams

Innkallinga er i samsvar med vedteken møteplan.

Sakskartet vert utsendt seinast 16.08.22. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt til møte!

Venleg helsing

Kristin Geiring

rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no

2022.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 2. kvartal 2022 side 5.
 2. Rådgevar sin rapport side 6-7.
 3. Leiar sin rapport frå [siste hovudstyremøte](#) side 7.

Sakshandsamar: Kristin Geiring og styreleiar Rune Bakervik

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 2. kvartal

1. halvår 2022

Organisasjonsnr.: 875627422

1. halvår 2022	Perioden, Januar - Juni			Endring
	Regnskap	Budsjett	Avvik	
Salgsinntekter	140 064,00	357 500,04	- 217 436,04	-60,8%
Andre inntekter	0,00	85 000,02	- 85 000,02	
Sum driftsinntekter	140 064,00	442 500,06	- 302 436,06	-68,3%
Bruttofortjeneste	140 064,00	442 500,06	- 302 436,06	-68,3%
Lønnskostnad	7 730,66	54 000,00	- 46 269,34	-85,7%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	1 090,03	7 500,00	- 6 409,97	-85,5%
Andre personalkostnader	0,00	0,00	0,00	
Sum personalkostnader	8 820,69	61 500,00	- 52 679,31	-85,7%
Kostnader lokaler	500,00	15 000,00	- 14 500,00	-96,7%
Leie maskiner, inventar o.l.	0,00	499,98	- 499,98	
Kostnadsførte anskaffelser	0,00	2 500,02	- 2 500,02	
Fremmede tjenester	0,00	19 999,98	- 19 999,98	
Kontorkostnad	1 280,00	4 999,98	- 3 719,98	-74,4%
Telefon, porto o.l.	1 000,01	2 750,04	- 1 750,03	-63,6%
Kostnad og godtgjørelse for reiser	15 352,07	45 000,00	- 29 647,93	-65,9%
Kontingenter og gaver	3 069,00	7 500,00	- 4 431,00	-59,1%
Annen kostnad	352 500,00	282 750,06	69 749,94	24,7%
Tap og lignende	0,00	0,00	0,00	
Sum driftskostnader	373 701,08	381 000,06	- 7 298,98	-1,9%
Driftsresultat	- 242 457,77	0,00	- 242 457,77	
Finansinntekter	0,00	0,00	0,00	
Finanskostnader	0,00	0,00	0,00	
Sum finans	0,00	0,00	0,00	
Resultat før skatt	- 242 457,77	0,00	- 242 457,77	
Årsresultat	- 242 457,77	0,00	- 242 457,77	

Rådgjevar sin rapport

Møter administrativt

1. **KS og Norsk kulturskoleråd** sine rådgjevarar i fylka hadde eit fyrste møte 14. juni for å sjå på vidare samhandling. Dette vert fulgt opp i fylka og også nasjonalt. «Fremtidens kulturskole»-piloten er eit utgangspunkt for tiltaket. I løpet av hausten 2022 vert det levert sluttrapportert for piloten. Styringsgruppa for piloten fremmer framlegg for tiltak frå 2023.
2. **Samling for veiledere og fylkesrådgjevarar** i Kulturskolerådet vart heldt 2-3 juni, der ein tok for seg korleis ein i det vidare kan samhandle best mogeleg for medlemma.
3. **Fordjupingsmøter** i høve ordninga med «Inkluderende kulturskoler» er heldt.
4. «**Fremtidens kulturskole**» møter på nett og fysisk er heldt i perioden.
5. **De unges festspilldag (DUF)** møte 11. august med prosjektleiar om vidare utvikling og førebuing av DUF 2023.
6. **Ungdommens musikkmeisterskap** vert arrangert i Bergen laurdag 12. og søndag 13. november i Fana kulturhus. Arbeidsgruppa i Vestland hadde 11. august møte med nytilsatt prosjektleiar i Kulturskolerådet. Tema var praksis per no og utfordringer.

Nettverksarbeid

1. **Lederkonferansen 2022** vart arrangert 21.-22. april i regi av KS, Norges musikkhøgskole og Norsk kulturskoleråd med tittelen «Bærekraft i ledelse». For første gong var det regionale fysiske samlinger med digital tilgang til Lederkonferansen. I Vestland vart det regionale samlinger på desse arenaene: Bergen ved Høgskolen på Vestlandet, Stord ved kulturskulen/kommunen og Sunnfjord ved kulturskulen/kommune. Nokre valde å reise til Oslo.
2. «**Ledelse av prosesser 1**», LAP 1, hadde siste samling og eksamen for kullet frå Vestland sine kulturskular/kommunar i april og i juni 2022. Studiet fekk gode tilbakemeldinger. Dei som tok del, får høve til å melde seg på LAP 2 med oppstart januar 2023. Dette studiet vert kun arrangert på landsbasis og finn stad på Gardermoen.

Politisk arbeid

1. **Vestland fylkeskommune** ved avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for kultur, idrett og integrering representert ved politiske og administrative leiarar tok del i møte 12. mai saman med arbeidsutvalet i Norsk kulturskoleråd Vestland. Formålet var gjensidig informasjon om status og dialog om vidare samhandling mellom anna i høve utviklingsområdet fordjuping og arbeidet med ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv, som vert handsama hausten 2022 og vert å gjelde frå 2023 til 2035. I møtet vart det konkludert med å få til vidare samarbeid på administrativt plan for å betre samhandling der alle parter allereie har eit mandat.
2. **Styreseminar** for politisk valgte, leiinga, styresekretær i hovedstyret og fylkesrådgjevarane i Norsk kulturskoleråd vart heldt 31. mai på nett. Politiske saker var mellom anna innspel til partiprogram i høve kommune- og fylkestingsvalet 2023 med fokus på kulturskulane og strategiane for utviklingsområda *Fordjuping med mangfald og Mangfald, inkludering og innanferskap*.
3. **Bergensalliansen** hadde møte, der ordfører i Tysnes og styremedlem i Norsk kulturskoleråd Vestland, Kåre Martin Kleppe, la fram sak om «Interkommunalt samarbeid om kulturskulen». Saka har bakgrunn i møter arbeidsutvalet i Norsk kulturskoleråd

Vestland har hatt med styret i KS Vestland og kommunedirektørutvalget og drøfting i fylkesstyret. Bergensalliansen har oppretta eit arbeidsutval med ordførarane frå Askøy, Vaksdal og Tysnes samt ein representant frå Bergen kommune, som leverer ei tilråding i neste møte.

Prosjekt

1. **De unges festspilldag 2022** vart arrangert 2. juni i form av «Festspillforestilling» i Grieghallen, Peer Gynt salen, som del av Festspillene i Bergen. Rapport og rekneskap vert lagt fram.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Norsk kulturskoleråd Vestland hadde møte 03.2022 den 9. august. Saker var mellom anna førbuing av styremøte 03.2022, status i organisasjonen og i fylket, leiarsamling 6.-7. oktober, kunsthøgskolekonferanse 3.-4. november, utviklingsområda, politisk arbeid.

Utviklingsområder

1. **Fordjupingsmidler** frå Norsk kulturskoleråd og Sparebankstiftinga vart tildelt Vestland som følgjer:
 - Fordjupingstilbod i region Sunnfjord og Ytre Sogn: kr.500 000 til dans, musikk, teater, visuell kunst, anna.
 - Fordjupingstilbod i Voss og Hardanger: kr.350 000 til dans, musikk, teater, visuell kunst, anna.
 - Musikk fordjuping samarbeid Sunnhordland: kr.230 000.
 - Pilot fordjupingsarbeid i Sogn: kr. 500 000 til musikk.I søknadane er det initiert regionale nettverkssamarbeid i fylket. Søkjarar frå Vestland som ikkje fekk stønad, har fått tilbod om å sende ny søknad for om mogleg å få stønad i ein runde nummer to. Sjå [nyhendesak](#) for meir informasjon.
2. **Leiarsamling** torsdag 6.-fredag 7. oktober i Sunnfjord, Førde og Dale, er informert om i vår til rektorane i kulturskulane. I tråd med innspel frå rektorar er tema digitalitet, organisering av kulturskulane og leiinga, leiaren som «kulturell arkitekt og samarbeid med Jakob Sande senter for forteljekunst. Påmelding frå veke 33 med påmeldingsfrist 5. september på [nettsida](#).
3. **Kunsthøgskolekonferansen** for kulturskulelærarar vert to.3.-fr.4. november i Bergen. Påmelding frå veke 33 på [nettsida](#) med kort frist grunna hotellavtale.

Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte

På hovudstyremøte 4.5 2022 tok styreleiar Rune Bakervik del. Rapport vert lagt fram munnleg på grunnlag av sakskart og protokoll.

2022.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Saksdokument vert lagt fram på styremøtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

1. Styremøte 2022.04 ma. 28.11 er lagt til Førde. AU ber styret sjå på ny dato.
2. Styremøter og AU-møter 2023 vert fastsett.
3. Representasjon:
 - Leiarsamling to.6.-fr.7. oktober. Representasjon: styreleiar og nestleiar.
 - KS Vest-Norge Samhandlingskonferansen 2022 1.-2. november, Førde.
 - Kunstfagkonferanse to.3.-fr.4. november: nestleiar og styremedlem Kvinge.
 - «Ungdommens musikkmeisterskap», UMM, regionalt i Bergen lø.12.-sø.13. november. Representasjon: styremedlem Skarvatun og Kvinge.
 - Høgskulen på Vestlandet HVL-konferansen 24.-25. oktober.
 - KS Oppvekstkonferanse Vestland ti.25.-on.26. november, Loen: rådgjevar.
 - Årsmøte og årsmøtekonferanse to. 16.-fr.17. november 2023.

2022.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram på styremøtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med utviklingsplan for utviklingsområda.

Saksutgreiing:

1. Møte med stortingsbenkane.
2. Skriv til partier i Vestland i høve partiprogram for kommune-og fylkestingsvalet.
3. Oppfølging av møtet med Vestland fylkeskommune og regional kulturplan.
4. Bergensalliansen og «Interkommunalt samarbeid om kulturskulen».
5. KS-møter politisk og administrativt i perioden.
6. Arendalsveka 2022 erfaringer – nyhetssak – Kulturskolerådets arrangement.
7. Frivillighetserklæringa – nyhetssak.
8. Norsk kulturskoleråd, UKM Norge, Ungdom og Fritid – nyhetssak.
9. Hovudstyremøte 7.-8. september – se sakskart frå 14. dagar før.

2022.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram på styremøtet.

Sakshandsamarar: Kristin Geiring, leiar, styremedlemmer med ansvar for utviklingsområda

Forslag til vedtak:

Status tatt til orientering. Framlegg til vidare framdrift godkjent.

Saksutgreiing:

Utviklingsområda er fast sak på styremøtene.

Fylkesstyremedlemmer vart på arbeidsmøte tildelt vidare ansvar i høve dei fire vedteke utviklingsområda. Status for arbeid med utviklingsområda vert lagt fram. Leiarssamlinga og Kunstfagkonferansen vert sett som del av dette.

Status og vidare tiltak / strategi våren 2022 og fram til årsmøtet vert sak på styremøte 04.2022. Til drøfting i styremøte 03.2022: Treng me prosessveileder på styremøte 2022.04 i høve sak om utviklingsområda?

2022.06 Orienteringar

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar(ar) Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Det er ingen innmelde saker til orientering.

2022.07 Eventuelt

Saksdokument: De unges festspilldag mail frå prosjektleiar vert lagt fram i møtet.

Sakshandsamar Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

Prosjektleiar har hatt møte med rådgjevar. I møtet kom det fram, at prosjektleiar tilrår fylkesstyret, å engasjere avløyssande prosjektleiar for skuleåret 22/23. Fylkesstyret drøfter saka.